


Sørfold

Sørfold kommune ligg nord for Fauske. Frå Bodø, køyr RV 80 til Fauske og ta av E6 nordover. Etter omlag 10 km er du på Straumen, kommunesenteret i Sørfold. Dei fleste fossane skildra her byr på flott isklating, og Kvannelva (også kalla Sildhopsfos-

sene) er ein av dei definitive klassikarane i Salten-regionen. For dei meir eventyrlystne byr området rundt Fagerbakkdalen på ei rekke utfordringar.



Fagerbakkdalen

(Kartblad 2129-1)

Tilkomst: Frå Fauske, køyr nordover E6 til Straumen i Sørfold. Ta av austover langs Straumvatnet. Parker ved oppkøyringa til Sisodalen (Stengt anleggsveg). Gå rett opp lia her, ned att på andre sida av åsen (ca 300 høgdemeter). Du vil no befinne deg i Fagerbakkdalen, ha Andkilvatnet ut til venstre og Sisodalen opp til høgre. Fagerbakkelva går her i eit djupt elvegjel. På sørsida av dette gjelet ligg fleire fossar på rekke og rad (sjå bilde). Retur er veldig grei, på toppen kjem ein opp til anleggsvegen til Sisodammen og følgjer denne nedatt til Straumvatnet. Anmarsjen tek frå 2 - 3 timar. Fossane er frå 100 - 200 meter høge. Sannsynlegvis er berre ein av fossane klatra. Nokre av fossane vil by på bratt og utfordrande isklating.

1. Fagerbakken 4


180 m/70-90°.

Dette er den fyrste av fossane ein kjem til og ein av dei meir moderate. Har einskilde bratte parti, men stort sett er vinkelen moderat. Terje Karstensen & Sveinung Råheim 6/4-1997

2, 3, 4 og 5 på skissa er sannsynlegvis ikkje klatra.



Stort bilde: Under Verivassfossen i 1985. Legg merke til at han er open i høgre sida. Lite bilde: Leding i Verivassfossen. Begge foto Kjell Eugen Andersen.



Storskogdalen - Rago

(Kart; 2129 I)

Storskogdalen er vanlegaste innfallport til Rago nasjonalpark. Innover denne dalen er det ein god del is på begge sider. Den flottaste og mest kjende fossen her er Verivassfossen - eit mektig syn både sommar og vinter.

Tilkomst: Frå Bodø til Fauske, vidare E6 nordover ca 30 km til avkøyring mot Rago Nasjonalpark ved Trengsel bru. Vær merksam på at avkøyringa til Rago kjem brått på. Følg denne vegen til Lakshola - ca 10 km. Herifrå merka sti innover Storskogdalen mot Storskogvatnet.

1. Verivassfossen -Rago 3

200 m/50-75°

Kjell Eugen Andersen & Bjørn Petter Arntzen 1985

Verivassfossen dannar eit stort isparti 200 meter høgt og 100 meter breidt, når han frys.... Relativt slak start, jamt 70-75° frå midten. Fossen ligg i Storskogdalen under vestenden av Litlverivatnet Rago np. Fossen har stor vassføring og treng ei lengre kuldeperiode før han frys att. Følg merka sti til hengebru. Ikkje kryss elva her, følg høgre side / elva til du kjem inn på Tjønnoen. Ca 4 km å gå. Ski stor fordel. Det er kurant både å følge elva eller å langs land. **Retur** ned skogkledd li 200 meter til høgre for fossen. Rappell 2x40 m kan vere fornuftig.

2. Tjønnojukulen..... 3

190 m/40-80°

Fossen ligg ca 1 km vest for Verivassfossen og er ikkje like flott å sjå på. Etter å ha passert under Tjuvkollen, kjem du inn på Tjønnoen. Fossen ligg no rett fram (i sør). Retur ned bjørkeskog vest for fossen. Remi Bendiksen og Sveinung Råheim 31.1.1998.

3. Den som venter på no' godt...

..... 4 

55m/80-85°.

Gå opp stien frå Lakshola. Når stien flatar ut får du snart ein bratt skrent på høgre hand. I høgre kant av denne bratte skrenten går denne tydelege, bratte fossen. Retur via rappell frå tre på toppen.

Liv var heime i Bodø og venta med pizza og ho venta Sunniva.... Ingjerd Karlsen / Eskil Sørvik 31.1.1998.

Litt lenger til venstre i skrenten går ein brattare, mindre samanhengande foss, truleg ikkje klatra.



Kobbelva

Kobbelva ligg ca 60 km nord for Fauske langs E6. Sving av på avkøyring 2-3 hundre meter etter tunnelopninga (avkøyring til liten butikk/bensinstasjon). Fossen ligg 10-15 m frå vegen. På motsett side av elva er det og nokre fossar, sannsynlegvis uklatra.

Kobbhamarfossen 4

60-85°. 35m. Kobbhamarfossen er nærmast som ein parentes å nevne, men vi tek han med, det er trass alt laga film av førstebestigninga! Første 10 m er bratt, så legg det seg før det bratnar til i toppen att. Simon Svendsen, Sveinung Råheim & Torgeir Kjus (fotograf/regisør) 2.3.2008



Sveinung Råheim i første taulengde på Kobbhamarfossen. Foto Torgeir Kjus



Mørsvikbotn

(Kart: 2130 II)

Kvannelva i Mørsvikbotn er ein definitivt klassikar i Saltenområdet. Byr på varierende klatring og skiftande forhold. Var gjenstand for litt konkurranse tidleg på 80-talet mellom Bodø-miljøet og ein del svenskar. Er klatra på alt frå nokre få timar til to dagar. Området har meir å by på, mellom anna er fleire snørenner til venstre for fossen og 2 - 3 fossar i Sildhopfjellet nede i Sildhopen.

Ei tid på 80- og 90-talet arrangerte klatrarar frå Bodø samlingar i Mørsvikbotn. Dei fekk låne skula og kombinerte isklating om dagen med konjakkdriking i svøm-

mebassenget på kveldstid. Historiene om anmarsjane etter litt for langt bassengopp-hald er legendariske...

Tilkomst: Køyr frå Bodø til Fauske RV 80. Frå Fauske, ta E6 nordover og følgj denne ca 75 km til Sildhopen / Mørsvikbotn.

Rønnfjellet

Nordvestveggen på Rønnfjellet er høg og midt i den kjem Kvannelva ned. I tillegg til denne klassikaren er det minst ei rute til her, ei lang, moderat renne.

Anmarsj: Sving av til venstre mot Sildhopen ca 150 m etter du kjem ut av tunnelen. Følgj skilting mot skula. Parker der.



Følgj vegen opp til Sildhopsvatnet, deretter opp bratt li. Totalt ca 2 timer frå skula til innstega.

går å lage rappelfester i fjell.
Tommy Nilsson & Peter Ersare feb 1981.

1. Kvannelva 5

vel 500 m/50 -90°

Kvannelva er i Bodø-miljøet kjent som Mørsvikfossen eller Sildhopsfossen. Men elva / fossen heiter og har alltid heitt Kvannelva. Det bør vi då halde fram å bruke!

Foss med fleire bratte opptak. Første 180 m is og etterkvart snø 60 - 80°. Deretter 70 m travers mot i renne mot venstre. Så ca 50 m med 80-90° is (crux). Ved dårlege isforhold er det muleg å sikre med friends i fjellet på venstre side av isen. Neste del er is og etterkvart snø i ca 90 m. Så ein topphammar med is på ca 65 m før ei snørenne på ca 75 m tek deg ut av fossen. Totalt 10-12 taulengder eller vel 500 m klatring.

Retur følgjer ryggen mot høgre frå fossen ca 1 km før ein følgjer naturleg renne (Sverresvegen) ned mot platå ovafor Mørsvikbotn. **NB! Skredfare.** Rappel ned fossen vil vere problematisk då nokre av snøfelta i øvre del er lange. Muleg det

2. Renne.....

(til venstre for bildet)

ca 400 m/snø, is & miks.

Renna startar nokre hundre meter til venstre for Kvannelva. Førerforfatteren har ikkje detaljerte opplysningar om nøyaktig kvar renna startar, men ho skal vere ganske opplagt når ein står under ho. Fyrst snøbakke, så 3-4 taulengder is og miks før ein lang snøbakke fører til topps. Flott renne i fin posisjon. Retur som for Kvannelva. Kjell E. Andersen & Eskil Sørvik mars 1999.



Sildhopsfloget

Sildhopsfloget ligg langs vegen mot Sildhoppen. Ta av frå E6 mot Sildhoppen (som for Kvannelva), men følgj vegen langs fjorden. Sildhopsfloget dukkar etter nokre 100 meter opp på venstre hand. Det er 3 meir eller mindre markerte islinjer i Sildhopsfloget, to i venstre og ei i høgrekant. Midtdelen er bratt og har litt is. Muleg ein plass for vanskeleg miksklatring. Enklaste retur er sannsynlegvis rappell ned fossane.

1. Prosjekt.....?

80-90°. ca 50-70 m.

Bratt foss heilt i venstre kant av Sildhopsfloget. Sannsynlegvis ikkje klatra.

2. Jomfrufossen..... 2-3

50-80°. ca 120 m.

Den mest markerte fossen i venstre kant av Sildhopsfloget. Moderat bratt start og enkel avslutning. Lene Pedersen & Bjarne Hunstad 10/2-2008




Bjarne Hunstad under førstebestigning av *Jomfrufossen* i Sildhopsfloget. Foto Lene Pedersen

3. Prosjekt.....?

Heilt i høgrekant av Sildhopsfloget. Moderat bratt, ca 50-100 m lang.



På toppen av Kvannelva. Utsikt vestover mot Mørsvikfjorden. Foto Kjell Eugen Andersen



På ei av dei første taulengdene i Kvannelva under førstebestigninga i 1981. Foto: Tommy Nilson (henta frå boka "Til Fjälls. På snø, is och klippa". Svenska fjällklubben 2000)..